



ÅRSMELDING 2019

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espenvoll (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen H. Halleraker (skrivar), Mathias Våg Skjold (styremedlem), Rita Kristine Aaker (styremedlem), Daniel Roda Espenvoll (vara).

Styret har hatt møter/kommunisert via lukka Facebook-gruppe etter behov.

VUL har som mål å skapa liv og aktivitetar for barn, unge og eldre i bygda, og i den samanheng er laget med på å gi støtte til ulike prosjekt som gir rom for dette. Dette året har VUL gitt støtte til 3-er banar og «tjukkas madrass» til allidrett for dei minste. Elles gir me framleis gode tilbod på lyd og lys når det er barn - og ungdomsarrangement. Det hender også at me har gratis utleige, dersom det er med på å hjelpe arrangementa i hamn. Blant anna gir me halv pris på 4H arrangement og arrangement i regi av skulen.

VUL har også dette året hatt grei inntekt på utleige av lyd – og lysanlegg. Årsmøtet vedtok i fjor at me skulle gå til innkjøp av fem songmikrofonar, som det var stort behov for. VUL gjekk også til innkjøp av lysanlegg, som ikkje var ein suksess. Men, heldigvis ordna Daniel det slik at VUL fekk mesteparten av pengane tilbake.

VUL har dette året leigd utstyr til Ølmedal Rundt, Hestanipen Opp, 4H, 17.mai, skuleball, NMK, private arrangement, Vindafjord IL (Beach-volleyball, Joker Vikedal Cup, skirenn), Rival handball, juletrefest. Nytt av året har vore at VUL har hatt lyd på Grendautvalet sine eldretreff på Vikedal Kro og Motell AS. Dette var i utgangspunktet gratis dugnad frå VUL, men Grendautvalet fekk støtte frå kommunen til å arrangera desse treffa, då syntest dei at VUL fortente litt for arbeidet. Me fekk 2000 kr for dette arbeidet. Til samanlikning hadde VUL 15 timars bemanna lyd for Hestanipen Opp (rigging, lyd dag og lyd på arrangement på kvelden) til same pris, 2000 kr. Kanskje me bør justere opp prisen på dette arrangementet?

Når det gjeld «hjartesukket» frå i fjor, så er det framleis ei utfordring. Det gjeld at styret erfarer at det er veldig därleg system på bygdehuset når det gjeld lagring av lydutstyret vårt. Det er framleis fleire som «tek seg til rette» og bruker utstyret og rydder ikkje opp etter seg. Det er fånyttes å rydde og få system den eine veka, for så å møte eit rotete rom veka etter. Det er fortsatt eit stort behov for å få ei ordning på dette. Årsmøtet i fjor vedtok at me skulle invitere styret i bygdahuset til å engasjere seg i dette og bli med på å finne ei betre ordning. Styreleiar hadde møte med to representantar, inkludert leiaren, der me såg på om det var mogleg å lage møterommet om til eit lagringsrom. Det viste seg at det var ikkje så lett, så me såg på om eit eventuelt påbygg ved sceneinngangen er eit alternativ. Dette vert ei eiga sak på årsmøtet til Vikedal bygdahus i midten på mars 2020. Det er viktig for VUL å få til eit system som gjer at me har kontroll, og at ingen andre enn VUL og nokre få andre får



tilgang. Det er mange års investering, så me må ha ein plan for å ta vare og ha kontroll på utstyret vårt.

Tradisjonen tru arrangerte VUL barne – og ungdomsdisko, også dette året. Det var som vanleg på Vikedal Bygdehus. Det som ikkje var «som før» var at me arrangerte dette diskoteket i august, på fredagen etter at skulen hadde starta. Det var eit lurt grep då fleire ikkje får det med seg grunna ferie. Dette var eit kjekt arrangement, det gav greie pengar i kassen, , me fekk heile 2000 kr meir i inntekt enn året før. Ungane såg ut til å kosa seg med dans og konkurransar. Takk til DJ Elias og DJ Reidar for god hjelp med musikken.

Kaptein Hjørnetann vart også dette året tatt godt i mot under dagarrangementet på Sommarfestivalen i Vikedal, laurdag 21. juli. I år var me så heldige å få med oss skyttarkongen Bjørn Kjetil Skipevåg. «Kaptein Hjørnetann på jakt etter bygdas skyttarkonge» stod det på plakaten, og gjett om mange møtte opp for å hjelpe Kaptein Hjørnetann å finne han, og ikkje minst sjå han gå planken.

V.U.L har søkt og fått desse midlane:

- Frifondsmidlar: 18.382 kr
- MVA kompensasjon: 5.559 kr

Av ein eller annan grunn så har VUL glippa med å søkja om driftstilsot frå kommunen. Dette er veldig uvanleg, så ungdomslaget må «strame seg opp» og søker på alt av midlar me kan.

Dette året fekk VUL heile 8.494,17 kroner som Grasrotmottakar, som er nokolunde det same som i fjor (8.538 kr). Det er me veldig nøgde med. Styret må halda fram med å rekruttera fleire til å velja Vikedal Ungdomslag som grasrotmottakar. Dette er midlar som kjem vel med. Takk til dei som har hatt VUL som Grasrotmottakar.

VUL arrangerte ikkje PubQuiz saman med Midtbygdens Ungdomslag i 2019. Det var av ulike årsakar ikkje kapasitet til det. Det var eit forslag om å samarbeida med Vikedal Kro og Motell, som var ein god ide, som VUL tek med seg vidare i planlegginga av neste år.

Styret i VUL har representert laget på eit arrangement i regi av Sandeid UL «Folk og Røvere i Kardemomme By». VUL takkar for invitasjonane og gratulerer Sandeid UL med flott framsyning.



Vikedal ungdomslag stilte mannsterke på årsmøtet til Vikedal bygdahus, der VUL er største andelgseigar med fem mandat. Dette var 13. mars 2019. VUL klarte ikkje å stiller på årsmøtet til Rogaland Ungdomslag 16. mars 2019.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år.

Takk for i år!

08.03.20

Nils Erik Eide



Leiar Vikedal Ungdomslag